

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Frank Kvinge	FA-C56, FE-223	22/505

Saknr	Utval	Type	Dato
077/2022	Formannskapet	PS	31.05.2022
037/2022	Kommunestyret	PS	16.06.2022

Søknad om auka løyving til Bjørn West-museet

Vedlegg:

Journalposttittel

Søknad om auka tilskot Bjørn West - museet

Søknad om auka tilskot Bjørn West - museet

Samarbeidsavtale om Bjørn West-museet

Dato

29.03.2022

29.03.2022

20.05.2022

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til vedtak:

- Det årlege kommunale tilskotet til Museum Vest vert auka frå kr 400 000 til kr 480 000 gjeldande frå 01.01.23. Dette under føresetnad av at den totale budsjetttramma under 3750 Museum vert auka tilsvarande, slik at alle oppgåver på museumsområdet kan bli ivaretekne.
- Det vert inngått ein vedlikehaldsavtale mellom Stiftinga Bjørn West-museet og Masfjorden kommune der teknisk etat (TML) får ansvar for normalt vedlikehald av museumsbygningane.
- Sidan museet ikkje har blitt tilgodesett med vedlikehaldsmidlar frå kommunen sidan konsolideringa i 2016 yter kommunen eit eingonstilskot kr 100 000 til normalt vedlikehald. Summen vert utbetalt i 2022.

- Det vert ikkje løyvd eingongstilskot på kr 75 000 for å dekkja delar av underskot i 2021.
- Det vert ikkje løyvd eingongstilskot for 2022 på kr 100 000 for naudsynt fornying og auka kostnader knytt til utstillingar, vedlikehald ombyggingar. Masfjorden kommune yter alt midlar til dette gjennom det årlege tilskotet.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Bjørn West-museet/ Museum Vest søker Masfjorden kommune om auke i fast tilskot til drift av Bjørn West-museet, samt eingongsløyving, slik:

- Det årlege tilskotet vert auka frå 400 000 til 500 000 (straum, løn og vedlikehald)
- Eingongstilskot på kr.- 75 000 for å dekkja delar av underskot i 2021 (kr 125 000)
- Eingongstilskot for 2022 på kr 100 000 for naudsynt fornying og auka kostnader knytt til utstillingar, vedlikehald ombyggingar.

Sjå vedlegg 1: Søknad om auka løyving til Bjørn West-muséet

Med bakgrunn i søknaden vart det 3. mai 2022 halde dialogmøte mellom Bjørn West-museet& Museum Vest v/ dagleg leiar Arnold Matre og direktør Øyvind Stang og Masfjorden kommune v/ ordførar Karstein Totland og rådmann Svein Helge Hofslundsengen.

Fakta/vurdering

Det er seks år sidan Bjørn West-museet vart ein del av det konsoliderte museet Museum Vest – 01.01.16. Bakgrunnen for konsolideringa var ein trepartsavtale mellom Masfjorden kommune, Museum Vest og Stiftinga Bjørn West-museet. (avtale dagsett 14.12.15).

Vedlegg 2: Samarbeidsavtale om Bjørn West-museet.

1.1 Det årlege tilskotet

I samarbeidsavtalen §4 står det at «*Masfjorden kommune yter eit årleg tilskot til Museum Vest på kr 400.000,- til drifta av Bjørn West-museet. Dette sikrar løn til fagperson og andre driftsutgifter. Beløpet vert regulert årleg i samband med kommunen sitt budsjettarbeid.*»

Tilskotet er ikkje regulert sidan avtaletidspunktet. Dette forholdet meiner søkjar det må rettast opp i, i samsvar med samarbeidsavtalen.

I søknaden vert det vist til at i følgje Statistisk sentralbyrå sin kalkulator for konsumprisindeks tilsvarar 400 000.- i januar 2016, kroner 468 000.- i januar 2022. Dvs. at realverdien av tilskotet er redusert, med utgangspunkt i konsumprisindeksen, med 17 %.

At summen skal regulerast årleg inneber likevel ikkje at det er konsumprisindeksen som automatisk skal gjelda ved regulering. Ei regulering i samband med kommunen sitt budsjettarbeid må ta omsyn til økonomisk utvikling elles i kommunen. Ei auka ramme på eitt område fører ofte til redusert ramme andre stader. Drifta må tilpassa seg dei vedtekne rammene.

Teneste 3750 Museum for dei fem siste åra viser

Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
543 000	542 984	513 000	502 000	482 000

Tala viser at ei årleg regulering ikkje naudvendigvis slår positivt ut for området Museum. Masfjorden kommune sitt samla museumsbudsjett har gått gradvis ned dei siste åra og er for 2022 redusert til kr 482 000. I tillegg til tilskotet på kr 400 000 til Bjørn West-museet/ Museum Vest skal desse midlane også dekkja kostnader ved dei tre andre musea kommunen har ansvar for. Dette gjeld Sleire skulemuseum, Kvamsdals fargereri og Masfjorden båt- og sjøbrukssamling, og omfattar vedlikehald, tilsyn, leige av lokale, forsikringar, straum og ein viss aktivitet i sommarmånadane ved musea, i tillegg til arrangementstilskot til Bjørn West-marsjen. Ei indeksregulering vil i praksis seia at så godt som alle budsjettmidlar under 3750 Museum vil gå til Bjørn West-museet.

For å kunne ivareta alle avtalar på museumsområdet må området i tilfelle tilførast tilsvarande med midlar som ei indeksregulering inneber.

I hht §4 i samarbeidsavtalen mottek Masfjorden kommune tilsaman kr 80 000 i tilskot frå dei fire andre kommunane i Stiftinga Bjørn West-museet: Alver, Gulen, Osterøy og Modalen. Desse midlane inngår som ei delfinansiering av årleg tilskot til Museum Vest. Denne summen har heller ikkje vorte regulert sidan konsolideringa 01.01.2016.

1.2 Vedlikehald

Samarbeidsavtalen §4 seier også at

« ...Masfjorden kommune tek på seg ansvar for normalt vedlikehald av museumsbygningane på vegne av Stiftinga Bjørn West-museet. Ved behov for større investeringar og vedlikehaldsoppgåver må alle partane samarbeide om finansiering av desse. (f.eks tak, alarm, heis, elektrisk anlegg, maling utvendig osv)...»

Masfjorden kommune har så langt ikkje løyvd midlar til normalt vedlikehald.

I søknaden står det at saka var tema på møte 23.01.18 mellom Museum Vest og Masfjorden kommune der innhaldet i vedlikehaldet vart fastsett. Det var semje om at Bjørn West museet (Museum Vest) skulle verta tilgodesett med ein fast årleg sum til ordinært vedlikehald. Storleiken på denne skulle ein koma attende til.

Tilskot og årleg vedlikehald vart på ny tatt opp på møte mellom direktør i Museum Vest og ordførar og rådmann frå Masfjorden kommune 08.09.20. Pr. mars 2022 er det framleis ikkje gjeve ei økonomisk ramme for, eller på annan måte gjort greie for rutinar for oppfølging av vedlikehald med

Bjørn West-museet.

Så lenge det er snakk om normalt vedlikehald meiner rådmannen at den beste løysinga vil vera å inngå ein avtale med teknisk etat (TML) i kommunen for oppfølging av normalt vedlikehald av museumsbygningane.

Sidan museet ikkje har blitt tilgodesett med vedlikehaldsmidlar frå kommunen sidan konsolideringa rår ein til at museet får godtgjort dette ved ei eingongsløyving kr 100 000.

1.3 Korona, straum, underskot, auka utgifter til lønsmidlar.

Det vert også søkt om eingongstilskot med bakgrunn i utfordrande korona-år, auka straumutgifter, auka lønsmidlar, underskot i 2021 og store løft som har blitt gjort på bygningane og utstillingane.

Samarbeidavtalen §1:

...«Denne avtalen gjeld frå 01.01.16. Då får Stiftinga Museum Vest det fulle ansvaret for dagleg drift av museumsverksemda ved Bjørn West-museet dvs. økonomi (løn, reinhald, varme m.v.) tilsett(e), formidling og forskning, bruk av samlingar, bygningar og anlegg. Museumsdrifta femner om dei tre bygningane og utearealet på eigedommen 49/78. Frå avtalen blir sett i verk er Stiftinga Museum Vest ansvarleg for alle dei nemde driftskostnadane.

Masfjorden kommune er frå same dato ansvarleg for å setja Museum Vest i stand til å ivareta dette ansvaret ved å yta eit årleg tilskot. Stiftinga Museum Vest skal frå same dato disponera over andre, ordinære driftsinntekter og tilskot om ikkje anna er særskilt avtalt. Slike inntekter skal nyttast til museumsverksemda ved Bjørn West-museet eller til krigshistorisk arbeid i området...»

Samarbeidsavtalen §2:

«Stiftinga Museum Vest – ansvar og mynde

...Alle avgjerdsler som høyrer til drifta, både administrativt og økonomisk, ligg formelt under styret i Stiftinga Museum Vest. Unnataket frå denne hovudregelen er at Museum Vest ikkje har ansvar for vedlikehald. Det ansvaret ligg formelt til Stiftinga Bjørn West-museet, jfr § 3 og § 4.

Med tilvisning til at Museum Vest har ansvaret for den faglege og økonomiske drifta med stiftinga medan Stiftinga Bjørn West-museet har ansvaret for vedlikehald av bygningar og eigedom, vil partane syta for eit tett samarbeid i alt utviklingsarbeid. Partane vil og samarbeida om vedlikehald og utvikling slik at vedlikehaldskostnadene kan reduserast.

Stiftinga Museum Vest har ansvaret for å følgje opp denne avtalen og dei dokumenta som ligg til grunn for avtalen...»

I avtalen §1 og §2 går det tydeleg fram at det er Stiftinga Museum Vest som har det fulle ansvaret for dagleg drift av museumsdrifta ved Bjørn West-museet. Masfjorden kommune si rolle er å setja Museum Vest i stand til å ivareta dette ansvaret gjennom det årlege tilskotet. Tilskotet sikrar løn til fagperson og andre driftsutgifter, og drift må tilpassast budsjettrammer.

Bjørn West-museet mottek frå desember 2021 (etter søknad) tilskot frå straumkompensasjonsordninga.

Bjørn West-museet mottek ikkje direkte statlege tilskot til drift. Masfjorden kommune bør difor leggja press på stat og fylkeskommune for i framtida å auka deira deltaking i finansiering av museet.

Konklusjon

- Det årlege kommunale tilskotet til Museum Vest vert auka frå kr 400 000 til kr 480 000 gjeldande frå 01.01.23. Dette under føresetnad av at den totale budsjetttramma under 3750 Museum vert auka tilsvarende, slik at alle oppgåver på museumsområdet kan bli ivaretekne.
- Det vert inngått ein vedlikehaldsavtale mellom Stiftinga Bjørn West-museet og Masfjorden kommune der teknisk etat (TML) får ansvar for normalt vedlikehald av museumsbygningane.
- Sidan museet ikkje har blitt tilgodesett med vedlikehaldsmidlar frå kommunen sidan konsolideringa i 2016 yter kommunen eit eingongstilskot kr 100 000 til normalt vedlikehald. Summen vert utbetalt i 2022.
- Det vert ikkje løyvd eingongstilskot på kr 75 000 for å dekkja delar av underskot i 2021.
- Det vert ikkje løyvd eingongstilskot for 2022 på kr 100 000 for naudsynt fornying og auka kostnader knytt til utstillingar, vedlikehald ombyggingar. Masfjorden kommune yter alt midlar til dette gjennom det årlege tilskotet.

Formannskapet - 077/2022

FS - behandling:

Rådgjevar for kultur Frank Kvinge møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - vedtak:

Framlegg til vedtak:

- Det årlege kommunale tilskotet til Museum Vest vert auka frå kr 400 000 til kr 480 000 gjeldande frå 01.01.23. Dette under føresetnad av at den totale budsjetttramma under 3750 Museum vert auka tilsvarande, slik at alle oppgåver på museumsområdet kan bli ivaretekne.
- Det vert inngått ein vedlikehaldsavtale mellom Stiftinga Bjørn West-museet og Masfjorden kommune der teknisk etat (TML) får ansvar for normalt vedlikehald av museumsbygningane.
- Sidan museet ikkje har blitt tilgodesett med vedlikehaldsmidlar frå kommunen sidan konsolideringa i 2016 yter kommunen eit eingongstilskot kr 100 000 til normalt vedlikehald. Summen vert utbetalt i 2022.
- Det vert ikkje løyvd eingongstilskot på kr 75 000 for å dekke delar av underskot i 2021.
- Det vert ikkje løyvd eingongstilskot for 2022 på kr 100 000 for naudsynt fornying og auka kostnader knytt til utstillingar, vedlikehald ombyggingar. Masfjorden kommune yter alt midlar til dette gjennom det årlege tilskotet.

Kommunestyret - 037/2022

KS - behandling:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Framlegg til vedtak:

- Det årlege kommunale tilskotet til Museum Vest vert auka frå kr 400 000 til kr 480 000 gjeldande frå 01.01.23. Dette under føresetnad av at den totale budsjetttramma under 3750 Museum vert auka tilsvarande, slik at alle oppgåver på museumsområdet kan bli ivaretekne.
- Det vert inngått ein vedlikehaldsavtale mellom Stiftinga Bjørn West-museet og Masfjorden kommune der teknisk etat (TML) får ansvar for normalt vedlikehald av museumsbygningane.
- Sidan museet ikkje har blitt tilgodesett med vedlikehaldsmidlar frå kommunen sidan konsolideringa i 2016 yter kommunen eit eingongstilskot kr 100 000 til normalt vedlikehald. Summen vert utbetalt i 2022.
- Det vert ikkje løyvd eingongstilskot på kr 75 000 for å dekke delar av underskot i 2021.
- Det vert ikkje løyvd eingongstilskot for 2022 på kr 100 000 for naudsynt fornying og auka kostnader knytt til utstillingar, vedlikehald ombyggingar. Masfjorden kommune yter alt midlar til dette gjennom det årlege tilskotet.